



Hjelmeland, 16.09.10

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8004 Dep,  
0030 Oslo

## **Endringar i gravferdslova og kyrkjelova. Høyrings svar frå Hjelmeland kyrkjelege fellesråd.**

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd sluttar seg i hovudsak til dei endringane som er føreslåtte, men vil nedanfor peika på nokre punkt i forslaget som me enten meiner må presiserast tydelegare, eller som me er usamde i.

### **Gravferdslova § 23**

Å vidareføra kyrkjeleg fellesråd som ansvarleg gravferdsmyndigheit for alle innbyggjarane i kommunen, uavhengig av religion eller livssyn, er positivt. Sjølv i ein liten kommune som vår, er det etter kvart eit stort innslag av menneske som har andre livssyn og religionar. I eit årleg møte med desse, vil det og vera naturleg at andre grupper vert inviterte. På den måten kan ein få ein samtale om gravferdsforvaltninga i kommunen som omfattar alle sine behov.

### **Gravferdslova § 1**

Vårt inntrykk er at gravferder i dei aller fleste tilfelle skjer med respekt for dei døde sin religion eller livssyn. Gravlegging er eit offentleg ansvar, og det må komma tydeleg fram i forskrift at det ikkje er fritt fram for alle private ønskje eller ønskje som har ei religiøs eller livssynsmessig grunngjeving, t.d. kva type gravminne som kan godkjennast, kva område på grava som det kan plantast på, gravlegging utan kiste, gravlegging innan 1 døgn, etc. Det er nødvendig med ein gjennomgang av forskriftene til gravferdslova for å tydeleggjera dette slik at gravferdsmyndigheita skal kunna utøva sitt arbeid utan at det heile tida vert eit dilemma kva ein skal meina.

Det er ikkje tvil om at når det offentlege i størst mogeleg grad skal ta omsyn til ønskje frå dei pårørande, så vil det føra til auka kostnader. I det store biletet betyr det kanskje ikkje så mykje, men i det enkelte fellesrådsområdet kan dette gje store økonomiske utfordringar.



# DEN NORSKE KYRKJA

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

## Gravferdslova § 6

Det vert føreslått at kostnadane til gravlegging der det er behov for særskilt tilrettelegging, skal dekkast av kommunen. I praksis er det kyrkjeleg fellesråd som må dekke dette. Dersom kyrkjeleg fellesråd har ei økonomisk ramme som ein uansett må halda seg innanfor, vil altså ei underbudsjettering på dette området, måtta gå ut over anna arbeid som kyrkja driv. I små kommunar vil dette vera spesielt sårbart. Eitt år kan det vera 0 slike gravferder, medan det eit anna år kan vera 5. Det må difor vurderast om kyrkjegardsforvaltninga skal skiljast heilt ut frå den andre verksemda. Det må i alle høve vera ei plikt for kommunen å føreta særskilte budsjettvedtak i slike saker.

## Gravlund

Me har ikkje merknader til at ordet gravlund vert det offisielle ordet når nye gravplassar vert etablert på andre område enn ved kyrkja, men det bør som før vera lov å bruka ordet gravplass om det same, også i offisielle dokument. Slik har det vore i mange år. Der ordet kyrkjegard er brukt, må det framleis heite kyrkjegard.

## Vigsling av kyrkjegard/ gravlund

Me har ikkje innvendingar til at alle trus- og livssynssamfunn kan gjennomføra ein seremoni når ein ny gravlund/ gravplass vert brukt for første gong. Dette vert gjort av Den norske Kyrkja, og sidan kyrkjegarden/ gravlund er ein offentleg gravplass, må også andre ha den retten. Primært skal menneske med eit anna livssyn eller annan religion gravleggast på same felt og ved sida av kristne. Det har ikkje vore vanleg å skilja mellom truande og ikkje truande, og det bør det heller ikkje vera mellom kristne og menneske med annan religion. Likevel er det utfordringar her som gjer at det kan vera nødvendig med eigne gravfelt på etablerte gravlundar/ kyrkjegardar.

## Gravferdslova §§ 10, 12 og 13

Me vil understreka behovet for å forlenga 8-dagars regelen noko. Dette gjev større fleksibilitet i høve til ønskje frå dei pårørande, og det vil letta kyrkjegardsmyndigheita sitt arbeid i mange tilfelle. Det ville vore ein fordel om det normale var at gravferda skjer etter 5-10 dagar i staden for etter 4-5 dagar.

## Gravferdslova § 10

Fellesrådet støttar denne endringa slik at det vert større samsvar mellom lovtekst og praksis. For mange fellesråd vil det og her vera økonomiske utfordringar dersom kremasjon vert meir vanleg, og det ikkje er krematorium i eigen kommune. Det er vanskeleg å budsjettera med eit antal kremasjonar i ein liten kommune, når gjennomsnittet kanskje berre er 2 i året.



## DEN NORSKE KYRKJA

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

### Forslag til endringar i kyrkjelova

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd har ikkje innvendingar til dei endringane som er føreslått, og som i dei fleste tilfelle er nødvendige endringar som følgje av endringar i gravferdslova eller andre lovar som er endra i seinare tid. (Barnelova, ekteskapslova)

KA problematiserer den føreslåtte endringa i § 38 om kven som er ugild i ei sak.

Høyringsutkastet føreslår at det berre er dei som er tilsette av sokneråd eller kyrkjeleg fellesråd som er ugilde i ei sak når dei samstundes er medlem i eitt av desse råda, og skal handsama saker der dei sjølve har delteke i saksførebuinga.

Prinsipielt meiner fellesrådet at person som har delteke i saksførebuinga er inhabil når saka skal behandlast politisk og vedkommande er medlem i rådet/ styret. Soknepresten er medlem i sokneråda og ofte og i fellesrådet. Dersom det ligg føre eit sak der presten har delteke i saksførebuinga, så bør almenne reglar om ugildskap, også gjelda i våre samanhengar. Dersom dette prinsippet ikkje vert følgd, kan det opna for uheldig rolleblanding.

Fellesrådet meiner difor som KA at gjeldande § 38, bokstav b, bør vidareførast.

Høyringsuttalen er vedteken i møte i Hjelmeland kyrkjelege fellesråd den 16. sept 2010.

Olav Frantzen  
kyrkjeverje